



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Fylkeshuset - møterom Sygna
Møtedato	23.09.2014
Kl.	08.30 – 08.50

Faste medlemmer til stades:

Åshild Kjelsnes, Ap
Nils P. Støyva, Ap
Jenny Følling, Sp
Anders Ryssdal, Sp
Noralv Distad, H
Frank Willy Djuvik, FrP
Marit Barsnes Krogsæter, V
Trude Brosvik, KrF

Forfall til møtet:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Varamedlemer til stades:

Anita Nybø, Sp

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Knut Henning Grepstad

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet vedtok at sak nr. 113/14 og 114/14 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5

SAK 113/14 Dalsfjordsambandet - forliksavtale

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner forliksavtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og NCC Construction AS, jf. vedlegg.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune betalar 75 mill.kr. som sluttoppgjer til NCC innan 30.september 2014.
3. Dalsfjordsprosjektet får ei tilleggsøyving på 46,3 mill.kr. Denne vert finansiert ved slike omdisponeringar:
 - 6,1 mill. kr : Buffer for store prosjekt – på investeringsbudsjettet i 2014
 - 8,0 mill. kr : Driftsløyving til skadefond fylkesvegar i 2014
 - 10,5 mill. kr : Disposisjonsfond, avsett ved årsavslutninga i 2012
 - 13,7 mill. kr : Skadefond på fylkesvegnettet
 - 8,0 mill. kr : Mva. refusjon

SAK 114/14 Søknad om fritak frå styreverv i F1 Holding AS

Ikkje offentleg OfI § 23, 4. ledd, eigardokument

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkesutvalet frittek Åshild Kjelsnes frå vervet som medlem og leiar av styret i F1 Holding AS.
2. Fylkesutvalet peikar ut som ny styremedlem til F1 Holding AS for resten av perioden Åshild Kjelsnes er valt, dvs. ut valperioden 2011-2015:
3. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som ny styreleiar i F1 Holding AS for resten av valperioden 2011-2015:
4. Fylkesutvalet ber styreleiar i F1 Holding AS kalle inn til ekstraordinær generalforsamling for nyval av styremedlem og styreleiar.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til punkt 2 og 3:

Karianne Torvanger

Høgre, Framstegspartiet og Venstre sette fram slikt framlegg til punkt 2:

Rita Navarsete

Høgre, Framstegspartiet og Venstre sette fram slikt framlegg til punkt 3:

Alfred Bjørlo

Avrøysting:

Punkta 1 og 4 i fylkesrådmannen si tilråding vart samrøystes vedtekne.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø og Trude Brosvik røysta for Arbeidarpartiet sitt framlegg til punkt 2.

Noralv Distad, Frank Willy Djuvik og Marit Barsnes Krogsæter røysta for Høgre, Framstegspartiet og Venstre sitt framlegg til punkt 2.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal og Anita Nybø røysta for Arbeidarpartiet sitt framlegg til punkt 3.

Noralv Distad, Frank Willy Djuvik, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for Høgre, Framstegspartiet og Venstre sitt framlegg til punkt 3.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkesutvalet frittek Åshild Kjelsnes frå vervet som medlem og leiar av styret i F1 Holding AS.
2. Fylkesutvalet peikar ut som ny styremedlem til F1 Holding AS for resten av perioden Åshild Kjelsnes er valt, dvs. ut valperioden 2011-2015: Karianne Torvanger.
3. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som ny styreleiar i F1 Holding AS for resten av valperioden 2011-2015: Karianne Torvanger.
4. Fylkesutvalet ber styreleiar i F1 Holding AS kalle inn til ekstraordinær generalforsamling for nyval av styremedlem og styreleiar.
